

# Sak til samarbeidsutvalet

---

Går til: Medlemene av utvala  
Utval: Samarbeidsutvalet for Bergensregionen  
Dato: 09.12.20  
Sakshandsamar: Prosjektleiar for felles utviklingsplan  
Saka gjeld: STATUS FOR PROSKETET «FELLES UTVIKLINGSPLAN FOR SAMARBEID OG SAMHANDLING.»

Saksnummer: 48/20

---

## NOTAT:

Prosjektet er no over i gjennomføringsfasa. Det vert gjennomført dialogmøte med kommunane og spesialisthelsetenesta. Arbeidsgruppene er etablert og i arbeid. Det vil bli ein gjennomgang av status og aktuelle problemstillingar i møtet.

Det er to problemstillingar eg ønskjer å få SU/SR sine synspunkt på. For at utvala skal ha høve til å førebu seg vert dette utsendt. Problemstillingane er:

1. Endring av framdriftsplan
2. Synspunkt på korleis SU/SR opplever funksjonaliteten på noverande samarbeidsutvalsstruktur

## Vedkomande punkt 1. Endring av framdriftsplan

Dette er ei problemstilling som styringsgruppa skal ta stilling til. Det kan likevel vere tenleg at det vert drøfta i SU/SR.

Det er trong for å førebu SU/SR allereie no på at framdrifta er svært vanskeleg å halde opp i dagens pandemisituasjonen. Det er i seg sjølv ein utfordring å skulle få gjennomføre møte med alle kommunane når ein ønskjer å møte dei mest sentrale og opptekne leiarane, men no er det mykje vanskelegare å få arrangere møta. Det vert også ofte avlysingar og omgjerung av dag og korleis møta skal gjennomførast.

I den noverande framdriftsplan skal gjennomføringsfasa ver avslutta medio desember. Dette ser ut til å bli svært vanskeleg. Dersom ein skal halde denne tidsplanen vil det vere vanskeleg å ha ein god prosess både med kommunane, i spesialisthelsetenesta og overfor fastlegar og brukarane.

Mitt framlegg for styringsgruppa er at planen vert lagt fram i medio januar slik at den frameis kan drøftast konkret på Toppleiarmøtet i januar. Eg bed om ei drøfting av dette.

## **Vedkomande punkt 2. Synspunkt på korleis SU/SR opplever funksjonaliteten på noverande samarbeidsutvalsstruktur**

I arbeidsgruppe 2 som arbeider med følgjande oppgåve: «**Organisering av, og rolle, mynde og funksjon til, SU**» kom det opp i første møtet eit ønskje om ein tilbakemelding frå SU/SR om korleis dei vurderte arbeidet i desse utvala i dag.

Det arbeidsgruppa særleg var opptatt av var kor viktig det var å ha 4 ulike utval, fordelar og ulemper. Vidare var det spørsmål om korleis representantar frå kommunane vurderte sin situasjon i høve kva mynde dei hadde på vegne av kommunen til å gjere endelege avklaringar i møta.

Generelt var det også eit spørsmål korleis utvala vurderte sin funksjonalitet.

Som det går fram av det som er nemnt over var det ønskje om litt tilbakemeldingar frå utvala. Prosjektleiaren har gjennomgått materialet som ligg føre etter «samhandlingspiloten» og finn litt informasjon der som vil bli lagt fram for arbeidsgruppa, men eg finn det likevel rett å rette spørsmåla til utvala når arbeidsgruppa hadde eit sterkt ønskje om dette.